



Agnes Hoshovde Bernes  
Vetåsvegen 161  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1795 - 17/12905

Saksbehandlar:  
Jorunn Krossøy  
jorunn.krossøy@radoy.kommune.no

Dato:  
23.10.2017

## Referat frå SU/SMU møte 4. oktober 2017

Desse møtte: Andrine Myksvoll Amundsen, Martin Taule Måge, Arve Hagesæter, Marte Klanderud, Kjetil Oen (møtte som vara for Solveig Elvik), Helene Fjermestad, Thor Inge Lone, Kari Mette Ulvatn Bø, Marit Hornnes, Trine Jansen

Desse møtte ikkje: Agnes Hoshovde Bernes (politisk representant).

1. Godkjenning av innkalling.
2. Rektor informerer om SU/SMU sin rolle og tar ein rask gjennomgang av informasjon som står i generell årsplan/møteplan SU/SMU ved Sæbø skule. Alle i møtet får ein kopi av denne planen. (vedlagt ref.)
3. SU/SMU ved Sæbø skule skuleåret 2017/2018 vert Konstituert. Sjå vedlegg for oversyn. Arve Hagesæter held fram som leiar, og leiar resten av møtet.
4. Referat frå sist møte godkjent. Det vert tatt ein gjennomgang av dei ulike sakene som vart tatt opp i sist møte, og nokre av sakene kjem att som eigne saker vidare i møtet.
5. Informasjonsflyt mellom skule og heim. Skulen nytta Visma i mykje større grad enn tidlegar, der ein sender ut e-post og SMS via systemet. I tillegg vert det lagt ut vurderingar som føresette har tilgang til. I forkant av utviklingssamtaler vert det lagt ut vurderingar som skulen forventar at føresette har lest og sett seg inn i før samtalens. Samtalens vert lagt opp med utgangspunkt i det som står i Visma. Tidlegare år har skulen erfart at det er mange føresette som ikkje har lese desse vurderingane. Det er eit ønskje om at Skulen i større grad skal gjere desse forventingane tydelegare gjennom informasjon om korleis ein loggar seg inn på Visma, informasjon om at vurderingane er gjort tilgjengeleg og påminningar. Skulen føl opp dette vidare. Føresette uttaler at dei er godt nøgd med at skulen i større grad nytta dette systemet, og at dette bidrar til betre informasjonsflyt mellom skule og heim.

Heimesida vert framleis den formelle kanalen ut. Vekeplanar, årsplanar, felles informasjon og referat frå møter i FAU og SU/SMU vert publisert på heimesida. Føresette ønskjer at skulen er meir aktiv på heimesida. Skulen har ei facebookside. Denne vert nytta til små glimt frå kvardagen, og kan i tillegg legge ut lenkar til heimeida for å auke tal treff her. Nokre av klassane har eigne lukka grupper for føresette og eventuelt lærar på facebook. Dette er ein uformell kanal, men i mange tilfelle ein effektiv måte å kommunisere på. Fellesnemnaren for ei slik gruppe er klassen, og difor er det naturleg at også lærar vert inkludert i gruppa dersom han/ho ønskjer det. Det må uansett avklarast på klaseforeldremøte om ein skal ha ei slik gruppe. Viktig at ein er merksemd på at dei vel og ikkje deltar i gruppa, får informasjon via andre kanalar.

6. Informasjonsflyt mellom skule og heim
7. Nye reglar opplæringslova § 9.a Vi tar ein kort gjennomgang av korleis skulen har jobba med dette, og korleis dei nye rutinane fungerer. Elevrepresentantane seier at det har vore fokus på dette i klassane, og at dei opplever at dei vaksne grip inn i dersom det skjer noko på skulen. Elevane opplever at det er eit trygt og godt miljø på skulen. Skulen har akkurat gjennomført «Spekter-undersøkinga». Resultata er behandla og drøfta i personalgruppa. Resultata viser ei positiv utvikling samanlikna med tidlegare. Det som kom fram av saker som krev oppfølging, er i stor grad saker der vi har tiltaksplanar og pågående tiltak. Vidare er det viktig at vi jobbar vidare med å inkludere alle, og at alle bidrar til dette.
8. Kort orientering/drøfting om arbeid dette skuleåret v/leiar. Alle som har ei rolle i SU/SMU, må utifrå punkta som står i årsplanen, vurdere kva dei tenkjer er viktig å prioritere. Dette vil bli ei sak på neste møte.
9. Eventuelt
  1. Uteareal – ansvarlige i kommunen har meldt om at dei har gjort ein avtale med eit firma som skal gjere ei vurdering og komme med eit forslag til korleis dette kan gjerast. Det er ikkje snakk om total ombygging, men ei oppgradering. Dei vil truleg komme til skulen i nær framtid for å sjå korleis det er i dag, og så vidare komme med eit forslag. Det kan bli aktuelt med eit ekstra møte i SU/SMU for å drøfte forslaget og for å kunne komme med innspel. I forkant av eit slikt møte, må ein også involvere elevrådet. Representantane for elevrådet tar dette med seg til neste møte, slik at dei er budd på at dette skal skje.
  2. Soneinndeling ute. Vi følgjer utviklinga tett. Det vert gjort ei justering etter haustferien, der tilgang på ballbingen vil rullere. Det er fordeler og bakdelar med inndelinga, men erfaringane så langt er positive frå skulen slik skulen opplever det. Representantar frå elevrådet jobbar vidare med å få inn innspel frå elevane. Dei vil truleg gjennomføra ei spørjeundersøking.
  3. Hjartestartar. Det har kome inn forslag om at SU/SMU jobbar for å få på plass ein hjartestartar i fleir brukshallen. Hallen er mykje brukt og lokalisert sentralt. Det er langt i avstand til plassar der dei har hjartestartar.

4. Sosial medium – erfaringar viser at fleire av elevane er aktiv på sosial medium og nyttar tilbod som dei ikkje er gamle nok til i forhold til gjeldande aldersgrenser. Det er ønskje om at ein har fokus på dette i heim –skulesamarbeid, og at dette gjerne kan settast opp som tema for eit felles møte for alle. Representant for føresette ønskjer fellers kjørereglar for bruk og felles forståing og handheving av reglar. Denne saka meldast vidare til drøfting i FAU.

Med helsing

Trine Merete Janssen  
Rektor Sæbø skule

Jorunn Krossøy  
sekretær Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Årsplan for arbeid i SU\_SMU\_2016  
Oversikt FAU SU-SMU 2017.2018

**Mottakarar:**

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Andrine Myksvoll Amundsen			
Arve Hagesæter			
Helene Fjermestad			
Kari Mette Ulvatn Bø			
Kjetil Oen			
Marit Hornnes			
Marte Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Martin Taule Måge			
Solveig Elvik			
Thor Inge Lone			
Trine Merete Jansen			